Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 | Fylke: Sogn og Fj.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Breim

Emne: Juletre og julehalm | Bygdelag:

Oppskr. av: Ola Råd - lærar og bonde - 57 år | Gard: Råd

(adresse): Breim | G.nr. 37 Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Juletreet er heilt ålment i Breim no, og har vore det sidan 1915-20.

2. Heime hjå oss hadde vi juletre det fyrste eg kan minnast (1897-98). Men det var ikkje ålment i bygda på den tid. På garden Råd var 6 bruk, men berre hjå oss vår det vanleg å ha juletre kring 1900.

3. Ja, ein hadde juletre på barnefestar (sundagskulefestar) kring 1900, men ikkje i kyrkja eller på festar for vaksne. Fyrst cà 20 år seinare vart det ålment.

4. Ja, i sume heimar pynta dei med barkvister (furu eller einer). Det var helst på beten (i røykstover) og på veggene. Men i dei fleste heimane ~~var~~ bruka ein ikkje noko ekstra pynting med grønt.

5. Nei

6. Omlag 2-2,5 m. høgt, sume bruka og mindre juletre.

7. Pyntinga av juletreet har skifta på dei 50 åra eg kan minnast.

4162

Frå fyrst av var det helst pynta med
eple, kringler og anna bakverk, julekort
og nokre glaskuler. Seinare med glitter,
flagg og lekkjer av små glaskuler.
b). Julelys i treet har alltid vore brukt.
8. Det har ikkje vore nokon viss regel
for kven som skulle pynta juletreet.
Oftast var det borna som pynta det.
9. Til vanleg står det på golvet.
10 Lysa vert alltid kveikte juleafta og
som vanleg nyårsafta og. Elles var det
før vanleg at borna kom saman ein
kveld i kvar stove på garden (der som
var born i huset), og då kveikte ein
lysa på juletreet og song kring tret.
11. Ja, det er vanleg at ein går rundt treet
og syng julesalmar og julesanger, stundom
fedrelandssangar og.
12. Oftast til midten av januar.
13. Vi har ikkje nokon viss regel for det.
Vi seier helst å kasta det ut.
14. Før var det furu, no helst gran. Sume
bruka og eine.
15. Er ikkje brukt her.
16. Nei.
17. Nei, eg kan ikkje hugsa at ein
bruka halm på golvet, og ikkje
høyrde eg foreldra eller besteforeldra
fortelja om det heller.
Difor veit eg ingenting å svara på
2, 3 og 4.

4162
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING